

Noregr tyder nok vegen mot nord, likevel

Av Eldar Heide

*The article considers the etymology of the name Noregr, concluding that *Norðrvegr, ‘north-way’, is the most likely origin. An alternative idea suggests that the name is a compound involving the Germanic *nōra-, ‘squeezed together’, *Nór-vegr – either in the sense that ‘Norway’ is the route up through the narrow coastal straits of Norway or in the sense that ‘Norway’ is the long, narrow country. But the route up along the Norwegian west coast is wider than the one along the Skagerrak coast, and ‘squeezed together’ is not the same as long and narrow. Thus, *nōra- can hardly have generated a name adequately describing the original country of Norway. Nor does the proposal account for the dental in Old English Norðweg and Latin Northwegia and in the related nor(ð)rōnn, ‘northern / Norwegian’, and norðmenn / nordmanni, etc. It has been suggested that the dental arose from a folk etymological link to the direction of north, but if this were the case, the oldest sources ought to contain few forms with the dental, while later sources ought to contain more, whereas the evidence shows the very opposite development. The basis for proposing the etymology *Nór-vegr is that internal rhymes in five skaldic stanzas from the Late Viking Age require a long root vowel, Nóregr. Some scholars find it phonologically impossible that this form stems from *Norðrvegr and suggest *Nór-vegr as an alternative. However, Nóregr in the skaldic stanzas may have arisen as a result of poetic play or Icelandic folk etymology, and (*)Norðrvegr can have developed into (*)Nóregr in various ways. The basis for the theory thus crumbles, because everything else points towards *Norðrvegr as the etymological starting point. There do not seem to be any serious formal problems with the *Norðrvegr explanation, which also makes very good sense in light of the combined source material. Consensus is that the Germanic peoples came to Norway from the south, spreading northwards along the coast, and that hunting and trading trips further north and east were important from early on. As the protected sailing route northwards along the Norwegian coast is at the same time an exceptional thorough-*

*fare for ships, *Norðrvegr makes excellent sense as the name of the earliest Norway. This accords with the fact that a person from there was called a norðmaðr and that the related adjective was nor(ð)rönn, 'northern'. That Noregr comes from *Norðrvegr is made all the more plausible by the fact that the oldest extant written forms contain the dental. Additionally, if Noregr does not come from *Norðrvegr, this implies that people abstained from using *norðrvegr in the system that austrvegr, suðrvegr and vestrvegr represent, even though the route northwards along the coast of Norway was the one of these four 'ways' that most readily offered itself as a naturally created 'way'.*

1 Innleiing

Det har vore brei semje om at *Noregr* kjem av **Norðrvegr*,¹ 'vegen mot nord'.² Men i 2011 stilte Klaus Johan Myrvoll spørsmål ved denne forklaringa, og i 2014 og 2015-16 tok så Gro Steinsland og Michael Schulte opp tråden. «Vi kan slå fast at *Nóregr* henger sammen med dialektordet *nor* 'smalt sund'», seier Schulte (2016). I denne artikkelen skal eg vurdere dei ulike forklaringane av *Noregr*. Korleis denne forma vidare utvikla seg til *Nòrik*, *Nòrig*, *Nòri*, *Nòre*, *Nørje*, *Nørge* (i norsk er /norge/ skriftuttale) osv., går eg ikkje inn på. Eg meiner Helge Sandøy (1997) har rett i (slik Marius Hægstad er inne på, 1908: 6) at desse formene kjem av at sisteleddet i namnet i seinmellomalderen vart assosiert med *rike* og namna *Sverige* og *Frankrike*. Eg kan ikkje sjå det er grunn til å tru, slik Jan Ragnar Hagland (2016) har føreslått, at det fanst eit alternativt andreledd *-riki* så tidleg som i fyrstninga av 1000-talet. Kulisteinens **inu:riki** kan godt lesast *í Noregi*, sidan «**i**-runa og **k**-runa tidleg på 1000-talet jo både kunne ha verdiane *i/e* og *k/g*», slik Hagland sjølv seier (ibid.: 121), og det ikkje er andre ting som kunne tyde på eit tidleg **Noríki*.

2 Argumenta for *nór*-etymologien

Samansetjing med *nor* vart fyrst føreslått av studenten Niels H. Trønnes i 1847 (Myrvoll 2011: 114) og så av Adolf Noreen i 1897 (han nemner ikkje Trønnes), før ideen vart teken fram att av Myrvoll i 2011 og så av Schulte. Argumentet

¹ Myrvoll (2011: 114-16) og Schulte (2015) skriv den rekonstruerte forma avleidd av «nord» som **Norðvegr*, men det normale i samansetjing på norrønt er *norðr-*, jf. *norðrvegar* (fotnote 26), *Norðrlönd* 'Norden', *Norðrseta* 'dei nordlege veidemarkene på Grønland', *austrvegr*, osv, jamvel om mange nedslitne former, som *Norðfirðir* og *Norðmóri*, òg er heimla (Heggstad m. fl. 2008: 458, 57, Hægstad 1908: 3).

² T.d. Hægstad 1908, Falk og Torp 1910-11: 1522, Seip 1923: 10 ff., Melberg 1951: 405, de Vries 1962: 411, Jakobsen 1967, Wessén 1969: 32, Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: 673, NSL: 335, Jackson og Podossinov 1997: 87, Jackson 1998: 77.

mot **Norðrvegr* og for *nor*-teorien er fyrst og fremst at «namnet hev konsekvent lang *ó* i skaldespråket der me kann sjå det av rimet» (Myrvoll 2011: 113. *Nóregr* – *stóra* / *stórum* / *fóru* / *fórum*). Det er i fem strofer daterte mellom 970 og 1070 (ibid.: 114. Dei er overleverte i handskrifter frå 1200-talet og seinare, men det ser ut til at mellomaldertradisjonen si datering av skaldestrofer i stor grad stemmer, sjå Myrvoll 2014). At **Norðr-* skulle få forlengd vokal og bli *Nór* ville vera heilt unormal utvikling så tidleg (jamvel om det motsette er vanleg, altså at opphavleg lang vokal blir forkorta, særleg føre konsonantgruppe og i ord som ofte står trykklett. Det er òg vanleg at vokal blir forlengd føre *rð* i sein gammalnorsk og/eller mellomnorsk, sjå nedanfor.). Ein har prøvd å forklare den lange vokalen med at *ð* fall bort mellom konsonantar (dét er normalt) og at føregåande vokal av den grunn vart erstatningsforlengd (t.d. Hægstad 1908: 3). Men med den forklaringa er det to problem, peikar Myrvoll på (2011: 114):

- i. «Det finst ingen parallell til det hevda *ð*-burtfallet i namn med *Norð-* til fyrelekk», og Det finst ingen parallell til det
- ii. «det er ikkje regelen at det vert vederlagslengjing når konsonanten som fell bort, ikkje er i direkte kontakt med vokalen».

Dermed kan **Norðrvegr* vanskeleg bli (**)Nóregr*, som vi kjenner frå skaldediktinga. Lydrett utvikling av **Norðrvegr* skulle vera *> Norvegr > Noregr*. Desse formene finn vi i norrøne handskrifter, med *Noregr* som normalforma (Hægstad 1908: 2), men (**)Nóregr* i skaldediktinga må likevel forklarast. Det gjer den alternative skulen altså med den germanske stammen **nōra-* «sammanklämd» (Noreen 1897: 22 – som i engelsk *narrow*), særleg nynorsk *nor* / norrønt **nór* n. ‘trongt sund’ (heimla i fleirtal og samansetjing i minst tre stadnamn på gammalnorsk. NSL: 335 f., NG 1: 357, NG 5: 209). Trønnes føreslår at eit opphavleg **Nórvegr* tyder «Strøget (*vegr*) med de trange Fjorde og Indsøer (*nórar*), Sund-Landet» (Trønnes 1847: 65, 71). Dette sluttar Schulte seg til. Han meiner, som **Norðrvegr*-tilhengarane, at namnet opphavleg viste til den norske vestkysten, men med tydinga: «Veien langsmed de trange sundene og de smale, bratte fjordene» (ibid. 2015). Dette opphavlege **Nór-vegr* «ble omtolket som veien mot nord», med «såkalt folke-etymologi», «en prosess som allerede startet i vikingtiden» – seier Schulte (ibid.). Inn i denne forklaringa dreg Noreen (1911: 149) og Schulte (2015, 2016) den mytiske jotunkongen Nor (Nore), som Noreg skal vera kalla opp etter ifølgje *Historia Norwegie* (2003: 52), *Saga Óláfs Tryggvasonar* (1932: 83) og *Hversu Noregr bygdisk / Fundinn Noregr*, dei to siste overleverte i den islandske *Flateyjarbók* frå slutten av 1300-talet (to variantar av same historie, overleverte som innleiing til kongesogene og til *Orkneyinga saga*. Sjå Ashman Rowe 2000). *Saga Óláfs Tryggvasonar* (1932:

83) seier at den fyrste kongen i *Noregr* var *Norr / Nori*, og *Historia Norwegie* (2003 : 52) seier i reine ord at landet er kalla opp etter han. I *Hversu Noregr byggðisk / Fundinn Noregr* er dette underforstått, og der heiter det at kong Nor kom (nord)autsfrå i segnhistorisk fortid og tok land mellom Vänern i aust og storhavet i vest. Schulte meiner namnet hans er noko av bakgrunnen for namnet «Noreg». Noreen, derimot, forklarar ikkje «Noreg» ut frå tronge sund i leia langs kysten, men ut frå forma på heile landet, som «regio a[n]gusta» ‘det smale landet’ (Noreen 1923: 22). Dette slutta Steinsland seg til etter at Schulte hadde teke opp namnespørsmålet (men ho hadde stilt spørsmål ved **Norðrvegr*-etymologien alt i 2014 [: 154]), på bakgrunn av at kjeldene kan sjå ut til å framstille den mytiske kong Nor som «en personifisering av det lange, smale landet som har fått navn etter ham. [...] Nor erobrer land ved å gå på ski den lange veien fra Ishavet, midt ned gjennom hele det smale landet», seier Steinsland (2015).

Av **Nórvegr* skal **Norvegr* så ha oppstått med vokalforkorting føre konsonantgruppe (*rv*), og så *Noregr* som blanding av **Norvegr* og (**)Nóregr* (Noreen 1923: 133, Myrvoll 2011: 115, Schulte 2016).

Tilhengarane av den alternative forklaringa meiner det ikkje er grunn til å leggja vekt på at det er dental i dei eldste belegga vi har for «Noreg»-namnet. Det er den gammalengelske versjonen av Orosius frå ikring 880³, der forma *Norðweg* er brukt i det nordmannen Ottar frå Hålogaland fortel om landet sitt (Hægstad 1908: 1), og tidlege latintekstar. *Nort(h)wegia* o.l. finst på fransk latin ikring 900⁴ og hos Adam av Bremen og andre i andre halvdel av 1000-talet (Adam skriv likevel oftast namnet utan dental. Hægstad 1908: 2, Melberg 1951: 406 f.). Ingen nordiske innskrifter eller handskrifter har dental i namnet, og dette ser dei som eit argument mot at den opphavlege forma av namnet hadde dental (t.d. Noreen 1897: 23). Vi må ta omsyn til proveniensen til belegga, seier Harald Bjorvand og Tom Schmidt, som stiller seg bak koplinga til *nór*: «Her som ellers i navnetolking bør kildens nærhet rent geografisk tillegges vekt» (Bjorvand og Schmidt 2015. Slik òg Schulte seinare, i Schulte 2016 og Rosenvinge 2016; og Myrvoll 2016). Dei stør seg til Christensen og Kousgård Sørensen (1972: 114),⁵ som seier: "de mest lokale kilder, må i almindelighed anses for det sikreste grundlag for fastsættelsen av navnenes etymologi.» Dei formene av «Noreg»

³ Vi har teksten i ei handskrift, the Lauderdale, frå slutten av 800-talet, men det aktuelle avsnittet manglar. Dét har vi i staden i ei visstnok god avskrift av the Lauderdale frå 1000-talet (Hægstad 1908: 1-2). Schulte daterer Ottars form *Norðweg* til «rundt 890» (Schulte 2015).

⁴ At det skal stå *Nortuagia* i «Durham minnebok [*Liber Vitae Ecclesiae Dunelmensis*], ca. 840», slik Jakobsen skriv (1967), viser seg å ikkje stemme. Det aktuelle ordet står i ei tilføyning frå 1100-talet eller ikring 1100, det ser ut til å burde lesast *Norituangia*, og det er ikkje heilt sikkert at det er «Noreg» det er snakk om (Johnsen 1968).

⁵ E-post frå Schmidt i juni 2016.

som etter dette synet har størst kjeldeverdi, er dei eldste runeinnskriftene som inneheld landsnamnet. Det er den danske Jellingsteinen frå rundt 960 og den nordmørske Kulisteinen frå ikring 1020 (Schulte 2015). På dei står **nuruia**k (som ein meiner representerer akkusativforma **Norwæg* med dei knappe distinktive midla runerekka på den tida gav) og **inu:riki** (altså dativ, *i Noregi*).

Dei som held på at føreleddet i *Noregr* er *nór* ‘trengt sundt’ eller ‘smalt land’, forklarar forma med dental som folkeetymologisk kopling til himmelretninga nord. *Norðweg* i den gammalengelske Orosius-versjonen har «till stor del föranledts af ordet *Austrvegr*», meiner Noreen (1897: 23), utan å gå inn på dei tidlege latinformene. (*Austrvegr* blir i norrøne tekstar om vikingtida brukt om landa ein kunne fara til austover frå Kattegat.) Då dreg han underforstått inn også *Vestrvegr* ‘Dei britiske øyane’ og *Suðrvegar* ‘Tyskland / landa på vegen mot Roma / Middelhavslanda’. Men desse to andre, særleg *vestrvegr*, er lite brukte imot *austrvegr*.⁶ Myrvoll legg til at «kontaminasjon med den andre nemningi for landet hjå Orosius, *norðmannaland* [‘nordmennene sitt land’], er truleg», og at *Northmannia* / *Nordmannia* på latin tilsvarande er bakgrunnen for at *Norwegia* vart «umlaga analogisk til *Nort(h)wegia* osb.» (Myrvoll 2011: 115). Schulte seier generelt: «Tydeligvis har de angelsaksiske og særlig de latinske kildene forestillingen om Norge som et land langt mot nord» (Rosenvinge 2016).

Nór-teorien føreset altså at flesteparten av eller alle dei følgjande tesane er rette:

1. Den germanske stammen **nōra*- ‘samanklemd’ ville råkande karakterisere det opphavlege Noreg.
2. Skaldediktinga viser at landsnamnet i vikingtida allment vart uttala med lang vokal, *Nóregr*.
3. Det er fonologisk utelukka at *Nóregr* kan vera utvikla frå **Norðrvegr*.
4. Dei utanlandske formene med dental (*Norð-* / *North-*) har mindre kjeldeverdi enn dei nordiske, som ikkje har dental.
5. Dataa våre høver med at *Norð-* oppstod som folkeetymologisk omtolking av eit opphavleg **Nór-*.

Etter mitt skjøn stemmer ingen ting av dette. Det skal eg prøve å grunngje no.

⁶ *Austrvegr* med avleiingar finst ikring 100 gonger i det norrøne korpuset, *vestrvegr* og *suðrvegr* til saman 14 (Finnur Jónsson 1913–16 / <http://onp.ku.dk/>). Jackson (1998: 77): «the three other directional terms are rarely used, and then mostly in early texts and only in the plural: *Vestrvegir* on a Swedish rune-stone, *Suðrvegar* in *Guðrúnarkviða II*, *Fóstbræðra* saga and Oddr Snorrason’s *Óláfs saga Tryggvasonar*, and *Norðrvegar* in *Helgakviða Hundingsbana I*.»

3 Vurdering av argumenta for *nór*-etymologien

3.1 Ville den germanske stammen **nōra*- ‘samanklemd’ råkande karakterisere det opphavlege Noreg?

Myrvoll og Schulte meiner òg at «Noreg» opphavleg var namn på den norske vestkysten. At dølane på Austlandet heilt fram mot vår tid har kalla vestlendingane for *nordmenn* (og sjølve vart kalla *austmenn* når dei kom over fjellet), jf. at *Nordmannsslepa* er namnet på tre urgamle ferdslveggar over Hardangervidda, tyder på det same (NSL: 334). Dette høver med at historikarane meiner kjernen i riket til rikssamlaren Harald Hårfagre var Midt- og Sør-Vestlandet (Krag 2003: 188) og at rikssamlinga fram til 1000-talet var avgrensa til kysten (ibid.: 190–94), trass i Snorre si framstilling (i *Haralds saga ins hárfagra* 1941). På Skagerakkysten var det dansk kongen som rådde gjennom storparten av vikingtida, meiner dei (Krag 2003: 188–90).

Men så vidt eg veit, er det ingen tilfelle der namneelementet *nor* er knytt til eit sund i leia nordover den norske vestkysten, og etter mitt skjøn ville ikkje ‘trongsundleia’ vera noko råkande namn på den kyststrekninga. Ser vi på den delen av kysten isolert, kan det høve, men stadnamn er alltid gjevne i høve til namna på stadene ikring. Innanskjerslei er ikkje noko spesielt for den norske vestkysten; det finn vi òg langs store delar av Skagerak-kysten heilt frå Vrångø sør for Göteborg. Og når det gjeld *tronge* sund, så er dét meir karakteristisk for Skagerak-kysten. Det er fordi innlandsisen grov med større kraft på vestkysten, fordi han der hadde fallet frå høge fjell i ryggen. Det er saktens mange *tronge* sund på den norske vestkysten, men i hovudleia (som folk gjerne heldt seg til før dei hadde kart og kompass eller GPS)⁷ er det ikkje så mange (fordi ho typisk ligg lenger inne, der isen grov sterkare), i alle fall ikkje slik at dei pregar inntrykket når ein seglar der. Ser vi på dei fyrste 200 kilometrane nordover frå Avaldsnes, som ein meiner var hovudsetet til Harald Hårfagre (t.d. Skre 2014, Kruse 2016), så kjem vi til Sogn. På den strekninga er hovudleia berre på ein handfull stader smalare enn ein halv kilometer (to stader i sundet nord for Avaldsnes, så i Kjerringasundet sørvest for Bergen og så eventuelt nokre stader gjennom Austrheim og Gulen, dersom ein tek innersvingen det siste stykket til Sognefjorden). Over halvparten av strekninga er hovudleia fleire kilometer brei, og ho er sjeldan smalare enn halvannen kilometer. På den smale Skagerak-kysten er sunda som klår tendens *trongare* – så *tronge* at eg alltid når eg har segla der, har valt å gå lange strekningar utanskjers for å unngå å bli hefta i krokleier og / eller lite vind mellom berga. I leia på vestkysten er det svært, svært langt mellom stader der den problemstillinga kan oppstå.

⁷ Hovudleia er den leia oppetter kysten som er greiaf for skip (den reinaste og/eller kortaste), den dagens nyttetraffikk normalt følgjer og som normalt står innteikna på oversiktslandkart.

Når det gjeld ideen om at eit opphavleg **Nór-vegr* kom av at landet sjølv er langt og smalt, så stemmer det sjølvsagt at landet er det. I tillegg er landet skapt slik at ein lett legg merke til at det har denne forma når ein seglar leia, sjølv om ein ikkje har kart og ikkje kan sjå landet frå fly. Det er fordi høg fjellet langs store delar av vestkysten dannar ei bakre avgrensing av landet, synleg frå leia. Derfor er det naturleg at Ottar frå Hålogaland «sa at nordmennene sitt land var svært langt og svært smalt» (*He sæde ðæt Norðmanna land wære swyþe lang swyðe smæl*. Bately 2007: 46). Likevel er det ikkje så lett å tru at ein ville valt *nór* som føreledd i eit namn for å uttrykke dette. Det er fordi den germanske stammen **nōra-* tyder ‘samanklemd’ (**nór* er ei substantivering av eit adjektiv med denne tydinga. Noreen 1897: 22), jf. latvisk «*nārs* ‘klammer’» (ibid. Altså ‘reiskap til å klemme saman med’), som Noreen set **nōra-* i samband med. Engelsk *narrow*, gammalengelsk *nearu* (<**nar-wa-*), tyder opphavleg «zusammengeschnürt» (Pokorny 1959 II: 976). Sund som *Noresund* (i Buskerud, gammalnorsk *Nórar*, f. pl.) og *Norheimsund* (i Hardanger. NSL: 235-36) er innsnevringar mellom breiare vatn / fjordar. Slik er òg *Nørvasund* ‘Gibraltar’, samansett med *norr* ‘trong’ (adj.), av same rota (de Vries 1962: 414). Når ein seglar langs kysten eller går landet på langs på ski, slik Steinsland seier at den mytiske jotunkongen Nor gjorde, så opplever ein det nok som langt og smalt. Men innsnevra, slik som i Figur 1, er noko heilt anna.

3.2 Viser skaldediktinga at landsnamnet i vikingtida allment vart uttala med lang vokal, *Nóregr*?

Det er ikkje sikkert at landsnamnet allment vart uttala med lang vokal i vikingtida, og det er ikkje alle granskarar som legg til grunn at namnet vart det (t.d. de Vries 1962: 411 f.). Dei fem døma mellom 970 og 1070 (av drygt 40 *Noreg-* / *Nóregr-* i heile skaldekorpuset) der innrimet føreset lang vokal⁸ verkar solide, men dei kan likevel tenkjast å representere dikterisk fridom (*skáldaleyfi*). At diktarane forlengde vokalen *berre* for å fylle versemålet, er lite truleg; det skal finnast svært få rimeleg sikre døme (kanskje berre eitt) på rein rimtvangforlenging (Myrvoll 2015: 14). Men ei slik ad hoc-forlenging ville vore kurant dersom ho representerte ordleik, for dét er ein viktig del av skaldediktinga (sjå t.d. Clunies Ross 2005: 111 ff.). Ein kunne dikte med dobbel botn, ironisk kalla *ofljóst* ‘overtudeleg’ (Mundal 2004: 402 f.). I den mest kjende og granska varianten av dette (t.d. Frank 1970) skiftar skalden ut ledda i eit samansett namn med *heiti*, altså synonym i veldig romsleg tyding. *Ingibjörg* kan då bli *Gramr ok brattir hamrar*, fordi både *Ingi* og *Gramr* er namn på sjøkongar, og *björg* ‘berg’

⁸ I resten av førekomstane fortel ikkje rimet oss noko om vokallengd, korkje at vokalen var lang eller at han var kort.

er noko i retning av bratte hamrar (strofe av Olav Haraldsson, Mundal 2004: 402 f.). I ein annan *ofljóst*-variant, som ikkje gjekk ut på å skjule namn, hadde ein lov til å sjå bort frå vokallengda, slik at t.d. *líð* ‘skip / flokk / det faste hærfølget til ein hovding’ kunne oppfattast som *líð* ‘rusdrykk’, og omvendt, eller *hlið* ‘le, grind’ som *hlið* ‘li’, osv. Dette seier Snorre og illustrerer poenget med desse ord-døma og ein del andre (*Edda. Skáldskaparmál* 1998: 109, 226, jf. 14). Eit døme frå faktisk diktning er *vindara róðri* ‘vind-ørn-roing’ = ‘flyging’ / *vindára róðri* ‘vind-åre-roing’ = ‘flyging’, nemnt som døme på *ofljóst* av Olav Tordsson i *Tredje grammatiske avhandling* frå midten av 1200-talet.⁹ (I skaldediktinga var ikkje målet nødvendigvis å få sagt noko originalt, men å få sagt det ein sa på ein elegant eller fiffig måte.)

Undersøker ein i moderne faglitteratur, finn ein ikkje så mange døme på denne typen *ofljóst*, for han er lite påansa og granska. Mykje av grunnen til det er nok at han er vanskeleg å påvise. *Ofljóst* av typen *Gramr ok brattir hamrar* er som ein rebus der ein oftast kan vera temmeleg sikker på om ein har funne svaret eller ikkje, men med vokallengd-*ofljóst* er det verre. Om skalden *ønskte* å dikte tvitydig, er oftast vanskeleg for oss å veta med vår mangelfulle kjennskap til kultur og situasjon, dersom det ikkje går fram av prosaen strofa er overlevert i. Mundal har peika på at linja *hafnið nefju nafna* i ei strofe av Hild Rolvsdotter kan innehalde *ofljóst*. Hild framfører strofa til kong Harald Hårfagre som ei bøn om å ikkje gjera son hennar, Gange-Rolv, utlæg. Då kan *hafnið nefju nafna* lesast beint fram, nøytralt, som ‘De viser bort namnebroren til Nevja [= Gange-Rolv]’. Men ho kan òg lesast som *haf níð nefju nafna!* ‘ha níð frá namnebroren til Nevja!’, altså som eit verbalt angrep. Mundal er likevel nøye med å ikkje seia at det er slik *ofljóst* i strofa, for det kan vi ikkje veta; Mundal nemner det berre som ei mulegheit (Mundal 2004: 403 / Finnur Jónsson 1912-15 B I: 27). Dette kan vi jamføre med vanskane tyskarane og NS under krigen hadde med å slå ned på tvitydige sketsjar og vitsar (Fjeld 2012) – eller kinesiske styresmakter i dag. Tvitydigheita kan vera vanskeleg å få auge på, og korleis kan ein veta at ho er intendert? Under framføring av kvede med vokallengd-*ofljóst* uttala kanskje skalden halvlang vokal, slik som når ein på 1990-talet fortalde den halvrasistiske vitsen om å gå på ski over Grønland (= arktisk øy / Oslo-bydel med mange pakistanarar); *pakkisen* var utfordringa.... Slike uttaletriks kan ikkje gå fram av mellomalderhandskriftene.

⁹*Tredje og fjerde grammatiske Afhandling* 1884: 66 / Clunies Ross 2005: 196 / Finnur Jónsson 1912-15 B I: 598.



Figur 1. Norheimsund i Hardanger med det tronge sundet som opphavleg vart kalla *Nór[ar?]. Det er bakgrunnen for namnet *Norheim* (på nordsida av sundet), som det yngre *Norheimsund* er avleidd av. Sjølve sundet blir i dag kalla *Straumen*.
Frå <http://www.norgeskart.no/>.

Ser ein systematisk etter vokallengd-*ofljóst*, vil ein ganske sikkert finne mange fleire gode kandidatar enn vi kjenner i dag. Mellom anna burde uttrykks-paret *veita lið* ‘gje hjelp (i strid)’ / *veita líð* ‘servere øl’ vera ei freistande tvtydigheit (*veita líð* er ikkje heimla, men *veita bjór* ‘øl’ er det [Finnur Jónsson 1913–16: 602], så *veita* kunne brukast i denne tydinga). Kanskje er det det vi ser i ei strofe av Kormak Ogmundsson på 900-talet. Strofa handlar om ein tvikamp som Kormak så vidt vann, og han seier: *myndak ǫl at Óðins [...] drekka* ‘eg ville ha drukke øl hos Odin (i Valhall [= vore død])’, *ef mér Skrymir lið veitti[t]*, ‘dersom ikkje sverdet mitt (kalla *Skryme*) hadde gjeve meg hjelp [sagt med eit ord som liknar ‘øl’]’ (*Kormáks saga* 1939: 299 / Finnur Jónsson 1912–15 B I: 84). Her gjev det god meining om skalden legg opp til ei *ofljóst*-ordspel med *lið* og *lið*.¹⁰

¹⁰ Om vokallengda i desse orda, sjå de Vries (1962: 354) og Ásgeir Blöndal Magnússon (1989: 560). Finnur Jónsson (1913-16: 374, 1912-15 B I: 201) opererer med eit *meldrlíð* «melskib» = ‘kvern’ (hos Snæbjørn) og påpeikar at det ut frå innrim med *hlíðar* i same linja har lang vokal. Men denne kjenningen er uklár, det som står i teksten er *liðmeldr* (ibid., ibid. A I: 211). I ei anna

Dersom eit opphavleg **Norðrvegr* var vorte *Norvegr* og *Noregr* då dei fem strofene vart dikta, så gav namnet neppe lenger meining som ‘vegen mot nord’. Då kan dikteren, når det var nyttig for å fylle versemålet, ha leika seg med å vri det til *Nór(v)egr* ‘trongsundvegen’. (V-en som viser at sisteleddet var *vegr* var ikkje gløymd på den tida, den dukkar opp i spreidde skriftformer endå i høg-mellomalderen. Hægstad 1908: 2 f., Melberg 1951: 406). Leik med forlenging av rotvokal i lands- og fylkesnamn kjenner eg i dag frå *Latvia* («Late dager i Latvia»),¹¹ *Finmark* («Fint i Finmark»)¹² og *Jugoslavia* (*Ljugoslavien*, på svensk, der *l-* i *ljug-* ikkje blir uttala).¹³

Til denne forklaringa passar det at alle dei fem *Nóregr*-strofene er dikta av fire islandske skaldar,¹⁴ for på Island finst det knapt skipslei i sund langs kysten. Der står havet med få unntak beint på fastlandet, bortsett frå i fjordane, som er blindtarmar inn i landet. Når islendingar kom til Noreg, kunne dei derfor vanskeleg unngå å leggja merke til at dette landet er særmerkt av den smule leia i sund langs det meste av kysten (sjølv om leisunda oftast ikkje er så *tronge* på vestkysten). Å kople *Nor(v)egr* til *nór* bør då ha vore ekstra nærliggjande for islendingar.¹⁵

Derfor kan det òg tenkjast at *Nór(v)egr* er ein islandsk folkeetymologi – som aldri slo heilt gjennom, heller ikkje på Island, i og med at den nyislandske forma av namnet speglar norrøn kort vokal. (Meir om dette nedanfor.) Han kan ha hatt liknande posisjon som dagens utbreidde norske idé om at *kjerring* kjem av adjektivet *kjær*.¹⁶ Eg har fleire gonger høyrte folk som normalt uttalar *kjerring* med kort vokal, seia /²çæ:ring/ når dei fortel denne folkeetymologien eller alluderer til han. Kor sannsynleg det er at det var ei slik folkeetymologisk kopling mellom *Noregr* og *nór* på Island, eller at dei fem *Nóregr* i skaldestrofer representerer *ofljóst*-ordleik for å fylle versemålet, er vanskeleg å seia, men det burde vera fullt tenkjeleg. Det inneber at det viktigaste grunnlaget for *nór*-teorien er usikkert. Dei fem islandske skaldebelegga viser ikkje at uttalen allment var (*)*Nóregr* i vikingtida.

strofe (av Kløing Torsteinsson) føreset innrim med *skrið* at det er kort vokal i *lið* ‘skip’, peikar Finnur på (1913-16: 370), og har *lið* som oppslagsform.

¹¹ <http://alletingogingenting.blogspot.no/2011/05/late-dager-i-latvia.html>.

¹² T.d. <https://www.instagram.com/raybaade/>.

¹³ <https://www.youtube.com/watch?v=kOv6yd5ZbDI>, <http://sverigesradio.se/sida/artikel.aspx?programid=451&artikel=465388>.

¹⁴ Glum Geirason, Einar Skålaglam, Sigvat Tordsson, Stein Herdisson, jf. Myrvoll 2011: 114.

¹⁵ *Nór* er rett nok mindre vanleg i vestnordisk enn i austnordisk (Holm 1991: 201), men det finst i ein heil del gamle, vestnorske stadnamn (ibid. / NSL: 335-36) og i nyislandsk *nórungr* m. ‘ungsel’, eigentleg ‘sel som held seg i sund og vågar’ (Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: 674).

¹⁶ I røynda er *kerling* avleidd av *karl* ‘mann’.

3.3 Er det fonologisk utelukka at *Nóregr* kan vera utvikla frå **Norðrvegr*?

Dersom det likevel heitte *Nóregr* allment i vikingtida, så utelukkar ikkje det at namnet er utvikla frå **Norðrvegr*. Sant nok ville det vera unormal utvikling. Men vi kan ikkje basere teoriar på at unormale ting ikkje kan skje, for det gjer dei, og har alltid gjort det. Det unormale i **Norðrvegr* -> (**)Nóregr* er vokalforlenging føre konsonantgruppe (der vokalforkorting ville vore det normale), men det finst det mengdevis av døme på, til og med i nynordiske mål som (ulikt gammalnordisk) i prinsippet har *avvikla* overlang staving (altså staving med lang vokal + lang konsonant / konsonantgruppe). I tradisjonelt Østfold-mål finn vi slikt som /ha:vre/ (Myhre 1952: 28), og på Helgeland finst former som /ha:mn/ og /o:mn/ (Olssen 1958: 19, Riksheim 1921: 15, 59). Eldre mål på Senja har /ko:rn/, /ho:rn/, /bjø:rn/, /ja:rn/ (Iversen 1913: 67). I Sogn (og vel vidare på Vestlandet) finst former som /ba:dn/, /ja:dn/, /ja:rn/ (Larsen 1926: 90 f., 92 f.), og Hallingdal har /bo:dn/, /go:dn/, < *barn*, *garn* (Venås 1977: 49).¹⁷ Andre *r*-samband har same voksteren. Former med vokal forlengd føre *rð*, og bevart *rd*, har fram til vår tid funnist i Telemark og Indre Agder: /a:rd/ m., /va:rd/ m., /hæ:rd/ f. < *arðr*, *varði*, *herðr* (Larsen 1976 [1890-91]: 171). Truleg var det i mesteparten av landet forlengd vokal i ord som *nord* og *bord* alt i gammalnorsk, sidan dagens uttale med /u:/ føreset gammalnorsk *ó* (som i *stóll* og *skól[r]*, ikkje som i *brot* eller *foss*. Sjå Heide 2004: 62, fotnote 17; Heide 2010: 32 f.). Parallelt er det vokalforlenging føre *rt* i mange norske dialektar (utan retrofleksassimilert *rt*) i eit ord som *hjarte* n. og i ord som *svart* adj., *skjorte* f. og *sturte* v. mange stader i Sørvest-Noreg (Larsen 1976 [1890-91]: 151-52). Kor vanleg slik halvt tilfeldig vokalforlenging føre konsonantgruppe kan ha vore i gammalnordisk, er det vanskeleg å seia, for opplysningane vi har om vokallengd i faktisk uttale er mangelfulle; den går sjeldan fram av handskrifter og innskrifter. (Vokallengda vi ser i normaliserte norrøne tekstar er mest basert på nysislandske, altså dialektale, kvalitetsrefleksar av gammal kvantitet.) Men i nynordisk finn vi produkt av spontan vokalforlenging føre konsonantgruppe litt her og litt der over heile Norden, og det er vanskeleg å sjå gode grunnar til at slike former ikkje kunne oppstått i gammalnordisk, i alle fall dialektalt (t.d. i islandsk, som *Nóregr*-belegga representerer) eller for ei tid. Det kan nok likevel vera at slike endringar som eg har nemnt her, var mykje vanlegare i seint norrønt og i mellomnorsk, fordi dei direkte eller indirekte har samband med den kvantitative restruktureringa vi kallar kvantitetsomlegginga, som blir gjennomført i mellomnorsk tid.

¹⁷ I nokre av desse døma er utlyds-*n*-en vorten stavingsberande, men likevel har det skjedd vokalforlenging føre konsonantgruppe.

I namn (og andre spesielt frekvente ord) kan likevel unormal forlenging ha skjedd oftare, for der er det mindre unormalt at unormale ting skjer. Jamfør t.d. korleis *Svíaríki* / *Svǽaríke* er omlaga til /¹sværje/, medan *himilríke* (gammal-svensk) har halde seg omtrent uendra til *himmelrike*¹⁸ (<http://g3.spraakdata.gu.se/saob/>). Gatenamnet *Smjørsalmenningr* i Bergen er vorte *Smissamellingen* (Larsen og Stoltz 1912: 62. No har den normaliserte forma *Smørsallmenningen* sigrá). *Oppdalr* er mange stader vorte det venta *Oppdal* (/up/-), men på Tysnesøya i Sunnhordland er det vorte *Uggdal*, og i Buskerud *Uvdal* (NSL: 471, 475). *Reykjardalr* (på Island) vart til dels *Reykjadalr* alt i norrønt (*Íslendingabók* 1968: 493), trass i at trykklett *-ar* jamt over har halde seg til denne dag på islandsk. Myrvoll har rett i at namn samansette med *Norð-* normalt har behalde *ð*-en på norrønt (døme hos Hægstad 1908: 3). Men at han likevel er borte i *Nor(v)egr*, er ikkje meir avvikande enn at landsnamnet /¹sværje/ er sterkare nedslite enn landskapsnamn som *Närke* (< *Nǽríke*), *Romeríke* (< *Raumaríki*) eller *Ringeríke* (< *Hringaríki*. Jf. NSL: 363, 367). Bortfall av *ð* i namnet *Norðweg* kan vi elles konstatere i gammalengelsk; det er berre hos Orosius, altså i den eldste kjelda som nemner namnet, at dentalen er med.

Uventa vokalforlenging føre konsonantgruppe finst det òg ein del døme på i stadnamn, her er nokre døme (atter frå nynordiske kjelder fordi vi berre indirekte kan slutte oss til vokallengd i gammalnordisk): *Kvannunes* aust for Kristiansand er vorte /²kva:nes/ (Larsen 1905: 155). **Gunnhildargerði* i Etne i Sunnhordland (*Gunnildzgierd* 1567) er vorte /²gu:nejæ:r/ (NG 11: 80) – slik personnamnet *Gunnhildr* òg har fått lang rotvokal ein del stader (Vågslid 1988: 150). I Etne er dessutan **Hvammr* vorte /¹kva:men/ og **(H)rammr* / **(H)rammi* (dativ) vorte /²ra:me/ (ibid.: 78). I Gauldalen i Trøndelag blir *Hjellen*, av *hjalldr*, uttala med lang *e* (NG 14: 334. Dialekten der høyrer ikkje til dei som forlenger rotvokalen i bunden form av ord som *ball* og *mann*.) **Norðvegr* -> *(*)Nóregr* treng ikkje vera merkelegare enn dette. Om vokalforlenging føre konsonantgruppe kanskje også i namn var meir vanleg i seint norrønt og mellomnorsk, så er det vanskeleg å sjå grunnar til at ein overgang **Norðvegr* > *(*)Nóregr* ikkje kan ha skjedd i tidleg norrønt, eventuelt hjelpt fram av dei enorme endringane som skjedde i språket i synkopetida. Namnet *Noregr* kan godt vera eldre enn norrønt; den omfattande trafikken i leia som det truleg viser til, er i alle fall eldre, jf. nedanfor.

I namn (og andre spesielt frekvente ord) er òg metatase mykje vanlegare enn i ord flest, og dét kan òg tenkjast å forklare den moglege lange vokalen i *(*)Nóregr*. *Smjørsalmenningr* > *Smissamellingen* er nemnt. I norrønt går *Grikland* og *Girkland* ‘Grekland’ om einannan (Fritzner 1883–96 I: 599, 645). I

¹⁸ Eller at det fyrst var i namn ein tok til å sløyfe kasusbøying (Wetås 2008).

Surndalen på Nordmøre er *Seljaflot* vorte *Sjøflot*, med framflytting av *j*-en (NG 13: 419). I Ølen i Sunnhordland er **Digranes* vorte *Dregenæs* (NG 11: 92). Eit personnamn med metatase i norrønt er *Borgils*, samansett med *gísl* (Vågslid 1988: 367), vidare omstilt til *Þrúgils* (Noreen 1923: 228). Metatase førekjem i alle slag konsonantsamband i nordisk og norrønt (jf. Noreen 1923: 226-29), også i *rv* / *vr*, både att og fram (Noreen 1923: 211, Vågslid 1988: 405, 291 [*Róaldr*, *Vrál*]). Dersom konsonantgruppa i /²norwegr/ vart omstilt, ville det gjeve **²no^wregr/*, som truleg ville vorte **²no:regr/*. Det ville samtidig forklart at *v*-en forsvann tidleg.

Atter er det uråd å seia kor sannsynleg eller usannsynleg det er at noko av det eg nemner har skjedd. Det er nok å slå fast at det er fullt mogeleg og at vi har mange døme på at liknande ting har skjedd. Dermed er **Norðrvegr* ikkje utelukka som opphav til det moglege (**)Nóregr*.

Faktisk er *nór*-teorien også avhengig av at unormal lydutvikling er kurant i namn. Alle moderne former av namnet «Noreg» speglar kort vokal (Hægstad 1908: 5, NSL: 335, Sandøy 1997, om dei norske formene), og for å få kort vokal av (**)Nór(v)egr* føreset *nór*-teorien vokalforkorting føre konsonantgruppa /*rw*/ <*rv*> (Noreen 1923: 133, Schulte 2016). Det er mogeleg, men unormalt, for med halv vokalen *w* som andre element, er denne konsonantgruppa ein mellomting mellom konsonantgruppe og enkelkonsonant. Det blir sjeldan vokalforkorting føre *rv* i norrønt, jf. t.d. *árvænn* adj., *hárvøxtr* m., *hérvist* f., *bjórveig* f., *stórvirki* n., *órvæta* f., *órval* n. Så vidt eg kan sjå, nemner Noreen i *Altisländische und altnorwegische Grammatik* (1923) berre det diskutabile (**)Nórvegr* > *Noregr* som døme på vokalforkorting føre *rv*. Men i nokre namn finn vi det: *Þorvaldr* (nemnt av Myrvoll 2011: 115), *Þorviðr*, *Þorvarðr* – jamsides *Þórveig*, *Þórvor* og *Þórvé*, med uforkorta vokal (dersom vi kan lite på at dei nysislandske kvalitetsrefleksane av gammal kort og lang *o*, nemleg /*o*/ og /*ou*/, gjev rette biletet av korleis dette var i norrønt).

3.4 Har dei utanlandske formene med dental (*Norð-* / *North-*) mindre kjeldeverdi enn dei nordiske, som ikkje har dental?

Regelen om å setja størst lit til namnebelegg som «ligger geografisk nærmere» (Bjorvand og Schmidt 2015) er eg ikkje usamd i, slik Christensen og Kousgård Sørensen presenterer han (1972: 114, sjå ovanfor). Men vi må hugse på at landsnamn fungerer på eit anna nivå enn lokalnamn, som er det dei drøftar. Det Christensen og Kousgård Sørensen seier, er at ei lokal kjelde som Falsterlista i Kong Valdemars jordebok (frå 1200-talet, sjå *ibid.*: 51) har meir genuine former av gardsnamn og andre namn på Falster (lengst søraust i Danmark) enn den «central-administrativ[e]» hovudlista i same jordeboka har (*ibid.*: 114). Det stemmer sjølvsagt; den som sit sentralt er dårlegare informert om lokale namn

og andre forhold kringom i landet enn den som oppheld seg der. Men det er ikkje det same som at folk i England eller Danmark har vore dårleg informerte om namna på nabolanda sine. Skulle skriftformene *Norðweg* og *Northwegia* vore parallelle til namna i den danske hovudlista og dermed hatt mindre kjeldeverdi enn dei nordiske skriftformene, så måtte dei vore frå land langt borte, som det bysantiske eller arabiske riket. Å seia at nabolandsformer av eit landsnamn har liten kjeldeverdi er, etter mitt skjøn, som å seia at nabobygdsformer av eit gardsnamn har mindre kjeldeverdi enn former oppskrivne på garden eller i bygda sjølv. Og dét er det ingen som meiner.

Faktisk er det ikkje uvanleg at former av landsnamn nedarva i nabospråk har *større* kjeldeverdi når det gjeld opphav enn dei same namna i landet sitt eige språk. Det er fordi språk / varietetar med geografisk avstand slepp unna den språkendinga som skjer på staden. Jamfør korleis urnordiske lånord har halde seg til denne dag i «den finske fryseboksen», t.d. *sairas* ‘sjuk’ av urnordisk **sairaz*, som vart vårt ord *sår* (sjå t.d. Krohn 1906 eller Schalin 2016). Moderne engelsk *Jutland* og tysk *Jütland* står nærare den gammaldanske forma *Iütland* enn moderne dansk *Jylland* gjer (fordi dei har sloppe unna dei danske overgangane *ju* > *y* og *tl* > *ll*). Vårt *Frankrike* har bevart *-nk-*, på fransk finn vi dette att som nasalitet i føregåande vokal + /s/ (/frã:s/, < France>). I vårt *England* er /e/ bevart, medan han i engelsk er heva til /i/ (pga. etterfølgjande [ŋ], jf. *string* < **streng-*). Om denne mekanismen, sjå Heide 2004: 63 ff.). Vårt *Tyskland* har unngått dei (høg)tyske overgangane /y:/ > /oy/ og /sk/ > /ʃ/ som vi ser i tyskarane sitt eige *Deutschland*. Finsk *Ruotsi* og estisk *Roots* ‘Sverige’ har bevart den dentalen som for snart 1000 år sidan gjekk tapt i svensk *Roslagen*, som *Ruotsi* er lånt frå (truleg eigentleg frå urnordisk **rōþuz* [Andersson 2007: 8] ‘[ut]ror, roing, der ein ror’, som er opphavet til den gammalsvenske namneforma *Rōþin*, genitiv *Rōþs* i ubunden form). Eit godt døme finn vi òg i namnet *Noregr*: Vestgermanske og romanske språk har til denne dag behalde den *v*-en som her heime fall bort for snart 1000 år sidan (*Norwegen*, *Norway*, *Norvege*, osv.). At *v*-en er bortfallen i nordisk er ikkje noko argument for at det ikkje opphavleg var *v* i namnet.

I språk lenger unna namneberaren kan sjølvsagt namnet bli omlaga i språkendingar som skjer i *dei* språka, som når /o:/ er vorte *uo* i finsk *Ruotsi* eller dental er fallen bort i vårt *Tyskland*, jf. *Deutschland*. Det er derfor neppe grunnlag for å seia generelt at former av landsnamn nedarva i nabospråk fortel oss meir om opphavet enn dei vi finn i språket sjølv. Korleis det er med dette, må vi vurdere i kvart tilfelle, så godt det let seg gjera ut frå lydlover og sosiolingvistiske og folkeetymologiske innsikter. For å avgjera om det er *Norðweg* / *Northwegia* eller *Nor(v)egr* som har størst kjeldeverdi når det gjeld dentalen, bør vi spørja kva som enklast kunne skjedd: At dentalen fall bort i nordisk eller at

han sekundært kom inn i gammalengelsk og latin – der *Northwegia* o.l. venteleg bygger på den eldre uttalen i eitt eller fleire av dei nordvesteuropeiske morsmåla. Mangelen på dental i nordisk kan enkelt forklarast med at han stod i konsonantgruppe og dessutan i eit namn, som ofte får sterkare slitasje enn andre ord (jf. ovanfor). Jamfør at også adjektivet *norðrónn*, som høyrer til landsnamnet, mista dentalen og vart *norrónn*,¹⁹ og at det same skjedde i mellomalderen i den latiniserte forma *nordmanni* / *northmanni* ‘nordmenn / folk frå Norden’ (m. pl., sjå t.d. Sleumer og Schmid 2011: 551, jf. moderne italiensk *normanni*) og til dels i gammalengelsk *norðmenn* (Bosworth og Toller 1898: 726, jf. seinare engelsk *normans*, om folk med norrøn avstamming i Nord-Frankrike). I desse tilfella veit vi at det var fordi han stod i konsonantgruppe at dentalen fall bort. I gammalengelsk og latin kan vi observere eit tilsvarande dentalbortfall i landsnamnet (berre tidlege belegg har dental, *Norðweg* / *Northwegia*), og det ligg nær å sjå dette som parallelt til det som skjer i *norðrónn* osb. At dentalen ser ut til å falle bort tidlegare i namnet enn i dei andre orda, er naturleg, fordi det er større slitasje på namn. Derimot kjenner eg ikkje til noka lydlov som kunne innført dental etter vokal + *r*, slik at *Norðweg* e.l. kunne oppstått, i gammalengelsk eller andre nordvesteuropeiske morsmål. Einaste måten å forklare dentalen på der, dersom han ikkje er opphavleg, ser ut til å vera folkeetymologi, som er det *nór*-skulen har føreslått. Kjeldeverdispørsmålet avheng då av om den hevda folkeetymologien er rimeleg. Det skal vi sjå på no. At *Norðweg* / *Northwegia* á priori skal ha mindre kjeldeverdi enn dei nordiske formene når det gjeld dentalen, er det ikkje grunnlag for å seia.

Tvert imot, faktisk – dels på grunn av «fryseboksprinsippet», men særleg fordi dentalformene er dei som er tidlegast heimla. «Man tillægger i almindelighed alderskriteriet afgørende verdi» i vektlegginga av stadnamnkjelder, peikar Christensen og Kousgård Sørensen på generelt (1972: 115), og Hægstad når det gjeld valet mellom former med og utan dental i «Noreg» (Hægstad 1908: 5).

3.5 Høver dataa våre med at *Norð*- oppstod som folkeetymologisk omtolking av eit opphavleg **Nór*-?

Dersom *Noregr* hadde vorte kopla til «nord» gjennom folkeetymologi, så skulle det i materialet vist seg i at former med tydeleg samband med «nord», altså former med dental (*Norðweg* o.l.), gradvis vart vanlegare og til slutt eine-rådande. Jamfør korleis den folkeetymologiske forma har slått gjennom i t.d. *Makrellbekken* av *Markskjellbekken* (i Oslo), *Kabelvåg* av *Kapelluvágr* ‘kapellvågen’ i Lofoten (NSL: 248, 303), og *Bestebostad* ‘den beste bustaden’ av

¹⁹ *Norðrónn* er heimla éin gong, i *Sturlunga saga* (1906-11: 279 / <http://onpweb.nfi.sc.ku.dk/webart/n/no/109463471171ckronpnfir.htm>).

Bessebostad (*Bersaboolstad* ikr. 1350), av mannsnamnet *Bersi*, på Grytøya i Sør-Troms (NG 17: 26. Jf. vegskiltet på staden, der *t* er føydd til med spraylakk, etter uttalen eg har høyrte breie seg sidan 1970-talet, under sommaropphald). Men når det gjeld «Noreg», er det det motsette vi ser: Dental finn vi berre i svært tidlege former, frå område utanfor Norden, altså der vi kan vente å finne «fryseboksformer». Så blir dentalen borte der òg (Hægstad 1908: 2, Melberg 1951: 406 f.).

At føreleddet i *Noregr* skal ha vorte omtolka til «nord» pga. «forestillingen om Norge som et land langt mot nord» (Schulte i Rosenvinge 2016), stemmer altså ikkje så godt med tendensen i materialet – og særleg ikkje dersom dette skulle vera «en prosess som [...] startet i vikingtiden» (Schulte 2015). Det er den motsette utviklinga vi ser frå midten av vikingtida, som dei eldste «Noreg»-belegga er frå – ikkje berre i landsnamnet, men òg i dei tilhøyrande *norðrónn* og gammalengelsk *norðmenn* og latin *nordmanni* / *northmanni*.

Det går likevel an å tenkje seg at folkeetymologisk kopling av *Noregr* til «nord» var ein *tendens* som aldri slo heilt gjennom og som berre fanst i England, Frankrike og Danmark (i og med at det er der dentalformer er heimla). Avleiing av *austrvegr*, *vestrvegr* og *suðrvegr* (som er det Noreen meiner skjedde) ville gått an i England òg, for tilsvarende ord fanst i gammalengelsk (*westwegas* m. pl., *éastweg* m. sg., *súþweg* m. sg. Bosworth og Toller 1898 I: 236, 939, 1212).

Men ei slik forklaring høver dårleg med at ein person frå *Noregr* vart kalla *norðmaðr* og at adjektivet som svara til dette var *norðrónn* / *norrónn*²⁰, som bokstavleg tyder ‘nordleg’, jf. *austrónn* ‘austleg’ og *vestrónn* og *suðrónn*. (Formelle og semantiske motsvar til *norðrónn* er gammalhøgtysk *nordrōni* og gammalengelsk *norðerne*. De Vries 1962: 411.) Dersom føreleddet i *Noregr* er *nór* ‘trongt sund (e.l.)’ og berre sekundært og folkeetymologisk vart oppfatta som «nord», så inneber det at det opphavleg fanst andre nasjonalitetsnemne, med bokstavleg tyding avleidd av «trong» på ein eller annan måte. Noreen (1897: 23) meiner vi finn det i gammalsvensk *norisker* ‘norsk’, men har ikkje fått tilslutnad (Hellquist 1948: 525, Hægstad 1908: 5). Denne forma kan vera laga etter *Noregr* med sideblikk til adjektiv på *-isk(e)r* (som *gutnisk[e]r* ‘gotlandsk’), og *noræn* ‘norsk’ i *Västgötalagen* frå 1200-talet (Wessén 1969: 32 f.) tyder på at dét ordet er gammalt i svensk. Seier vi likevel at *norisker* er avleidd av *nór* og er det opphavlege adjektivet, så kan ikkje den hevda folkeetymologiske koplinga til «nord» i landsnamnet ha vore berre ein tendens. Han må ha vore nær sagt 100 % gjennomført, elles kunne han ikkje ha etablert nasjonalitetsnemninga *norðmenn* / *nordmanni* over heile Europa og utradert adjektivet **nóriskr* frå norrønt. Der er

²⁰ Det moderne *norsk* kjem av *norrónn* via *norren*, *norn* og *nornskr* (som fyrst er heimla i 1415. Hægstad 1910).

det ingen spor av det, endå vi har ikring 150 skaldestrofer som truleg er overleverte frå så tidleg som 800-talet (Myrvoll 2014: 331 ff. / Finnur Jónsson 1912–15 B I: 1–29), og skaldediktinga heldt i live ord lenge etter at dei gjekk ut av daglegtalet, i tillegg til at Noreg, norske kongar og sjøferder på Norskekysten var sentrale tema i skaldediktinga. Men i nordiske kjelder viser altså den tenkte folkeetymologiske koplinga seg ikkje i det heile, i og med at dentalen aldri er med i landsnamnet der (slik Seip 1923: 12 peikar på). I dei utanlandske kjeldene forsvinn han, endå førestillinga om Noreg som eit nordleg land neppe vart veikare med tida. Myrvoll sitt forslag om «kontaminasjon med [...] *norðmannaland*» ‘nordmennene sitt land’ løyser ikkje dette problemet, som eg ser som heilt grunnleggjande. Kronologien i materialet er motsett av den vi skulle vente dersom sambandet mellom «Noreg» og «nord» var oppstått med folkeetymologi, og heng det slik saman, så blir nemningane *norðrónn* og *norðmenn / nordmanni* uforklarlege.

Også av ein annan grunn har eg vondt for å tru at *Norðveg* er ei parallell-danning til (motsvara til) *Austrvegr*, *Vestrvegr* og *Suðrvegr*: Topografien tilseier at **Norðrvegr* er utgangspunktet, for av desse fire er det berre innaskjersleia nordover Norskekysten som er ein klårt avgrensa ferdsleveg som gjev seg sjølv frå naturen si side. Dei andre er så forgreina og diffuse at dei er vanskelege å forstå anna enn som parallelldanningar til eit opphavleg **Norðrvegr*. Jamfør at gammalengelsk *westwegas* og norrønt *suðrvegar* har fleirtalsform, til dels norrønt *austrvegar* òg (ibid. og Finnur Jónsson 1913–16: 25, <http://onp.ku.dk/>), og at *vestrvegr* berre er heimla éin gong (*Skarðsárþók* 1958: 91, <http://onp.ku.dk/>). I staden brukar ein *vestr um haf* o.l. (hundrevis av gonger).

Ein rimelegare folkeetymologi er den eg var inne på ovanfor: at islendingar – skaldar eller andre, som dikterer ordleik (*ofljósti*) eller ikkje – kopla *Noregr* (som pga. slitasje av **Norðrvegr* var vorte uforståeleg) til *nór* og fekk *Nóregr* fordi landet vårt med den smule leia gjennom sund (nokre av dei *nórar*) langs kysten skilde seg markant frå deira eige land.

Klårt folkeetymologisk (påpeika av Jackson og Podossinov 1997: 89, Bjorvand og Schmidt 2015 og Korslund 2015) er myten Noreen, Schulte og Steinsland dreg fram, den som seier at *Noregr* er kalla opp etter den seghistoriske riksgrunnleggjaren Nor (ovanfor, punkt 1). Regelen når det gjeld slike stadnamnoppavssegner er at «namnet har vore der frå gammalt av, og så har segna kome til seinare», påpeikar Stemshaug (1978: 118). I dette tilfellet er det tydeleg at det er slik det heng saman, for historia om kong Nor og ætta hans er stinn av folkeetymologiar (med Schulte sine ord: «Det er påfallende at mange av Nors slekt fikk personifiserte landskapsnavn som matcher det norske landskapet». Schulte 2015). På berre eit par trykte sider (*Flateyjarbók* 1860–68 I: 21 f., 219–21) blir det sagt at månaden *þorri* har namn etter kong *Þorri*, som er far til Nor,

månaden *gói* har namn etter dotter hans, *Gói*; *Þrándheimr* 'Trøndelag' har namn etter sonen *Þrándr*, sonen *Hǫrðr* var den fyrste kongen i *Hǫrðaland*, brorsonen *Beiti(r)* la under seg Beitstad og Beitstadjorden i Trøndelag (*Beitstøð* og *Beitsjór*), farbroren *Hlér* har gjeve namn til *Hlésey* / *Læsø* i Kattegat, og Sogndal har namn etter kong *Sókn*, som Nor vann over.²¹ Alt dette er udiskutable folkeetymologiar, og det er mot den bakgrunnen vi må sjå koplinga av kong Nor og *Noregr* / (*)*Nóregr*.

Derfor er det betenkjeleg («naiv[t]»), seier Seip 1923: 13) å ta Nor-myten til inntekt for at *Noregr* kjem av **Nór-vegr*, slik Noreen, Schulte og Steinsland gjer (Noreen 1911: 149, Schulte 2015, 2016, Rosenvinge 2016; Steinsland 2014, 2015: 154–59). Det er ingen ting som tilseier at Nor-myten er ei særskilt informert kjelde til kva landsnamnet kjem av. Etter alt å døme er han tvert imot høgmellomalderen²² si folkeetymologiske forklaring av namneforma *Noregr* (slik Steinsland faktisk sa nokså klårt i 2014 [: 159]). Då gjev han oss ingen opplysningar om kva som ligg bakom namnet og kan ikkje direkte takast til inntekt for nokon av etymologiane.²³

Indirekte styrker Nor-segna likevel **Norðrvegr*-etymologien. For så vidt eg kan forstå, er det berre dersom ð-bortfall i **Norð(r)vegr* førde til eit uforståeleg *Norvegr* / *Noregr*, at det ville vera bruk for ei slik forklarande opphavssegn. Dersom føreleddet var *nór*, så ville jo namnet vore gjennomsiktig så lenge *v*-en ikkje var gløymd, og det vart han ikkje før i seinmellomalderen. (Namnet blir skrive *Norvegr* i Nor-segna på midten av 1200-talet, *Orkneyinga saga* 1965: 6, og siste belegg med *v* er frå 1357. Hægstad 1908: 2 f., Melberg 1951: 406.) Då er det berre **Norðrvegr*-etymologien som både kan forklare landsnamnet og at den folkeetymologiske kong Nor-segna oppstod.

I tillegg kjem at kong Nor-segna ikkje passar med trong / smal-etymologiane. Eg ser ingen ting i segna som knyter kong Nor til skipslei (gjennom sund, eller ting som har med skipslei å gjera), slik Schulte seier.²⁴ Tvert imot er kong Nor, slik Steinsland påpeikar (2015), knytt til innland, fjell og skigåing, medan det er

²¹ Etter beskrivelsen av ruta Nor fer, må det vera Sogndal det er snakk om, trass i at namnet er skrive *Sóknadalr* (*Orkneyinga saga* 1965: 5).

²² *Historia Norvegie*, som er eldste kjelda som nemner kong Nor, er truleg frå perioden 1160-175 (Mortensen 2003: 24).

²³ Då er det heller ikkje grunnlag for å seia at «kong Nor og Norge har felles etymologi» og tolke kongenamnet direkte ut frå rota **nōra*- som «den sammenskrumpede», slik Schulte gjer (2015, 2016). Det er ingen grunn til å tru anna enn at kongenamnet Nor er konstruert ut frå *Noregr* i eit folkeetymologisk forsøk på å forklare landsnamnet, parallelt til namn som *Gói* og *Beiti(r)*.

²⁴ Schulte seier at «I Orkneyingasaga blir kystveien nord for Bergen betegnet som Kong Nors vegr» (Schulte 2016) og «I *Orkneyinga saga* blir kystlinjen nord for Bergen betegnet som veien til sagnkongen Nor» (Schulte m. fl. 2016). I teksten (*Orkneyinga saga* 1965: 3–6) finn eg korkje dette eller noko som liknar på det.

broren, Gor, som er sjøfararen som legg under seg kyst og øyar. Men eg kan heller ikkje sjå at kong Nor i tekstane er klårt knytt til at landet er langsmalt, slik Steinsland seier (2015). Det stemmer at han ifølgje tekstane «går fra nord mot sør» (ibid.) når han legg landet under seg, men ikkje at slekta til Nor og Gor budde «lengst nord i landet [vårt]», «lenger nord enn samene» (ibid. 2014: 140, 142), eller at Nor går «midt ned gjennom hele det smale landet» (ibid. 2015). Tvert imot står det at han fer på kryss og tvers, hit og dit, jamvel om gjennomsnittsretninga er sørover store delar av turen. I både *Fundinn Noregr* og *Hversu Noregr bygdisk* står det at slekta til Nor og Gor rådde over *Gotland, Finnland og Kvænland* – altså land aust og nordaust for Austersjøen og Botnvika. I *Fundinn Noregr* er det presisert at slekta heldt til aust for Botnvika (altså i dagens Finland) og at Nor derifrå fór nord for Botnvika til indre Sameland (altså nordover), så til kysten i Trøndelag, så til Mjøs-bygdene, så til Valdres og Sogn, og endar på Hedmarken (*Orkneyinga saga* 1965: 3–6). I *Hversu Noregr bygdisk* fer han, når han er ferdig på Vestlandet, til Østerdalen og så Värmland ned til Väneren, før han endar på Hedmarken (*Flateyjarbok* 1860–68 I: 21 f.). Det er vanskeleg å sjå noko samband med det langsmale i dette. Heimlandet til Nor og slekta hans er plassert i eit fjernt, austleg land meir enn i nordenden av det lange og smale Noreg.

Teoriane om at *Noregr* er samansette med *nór* stemmer altså ikkje så godt overeins med opphavssegna som blir teken til inntekt for dei. Seier vi derimot at *Noregr* kjem av **Norðrvegr* og at dette namnet vart meiningslaust pga. ð-bortfall, så fell problemstillinga bort. I så fall skal ikkje meiningsinnhaldet i *Nor-* vurderast mot opphavssegna, for i så fall var utgangspunktet for segna nettopp at *Nor-* var (vorte) meiningstomt. Då stod segnskaparen fritt til å fylle namneleddet med det tydingsinnhaldet han fann for godt. Han stod t.d. fritt til å seia at dette var namnet på den fyrste kongen i landet og til å setja denne kongen i samband med jotnar, fjell, vinter og skigåing, slik Steinsland peikar på (2015, 2014).²⁵ Kva bakgrunnen kan ha vore for det, og korleis samhovet er mellom denne riksopphavsmyten og den Snorre fortel, drøftar Steinsland godt (2014: 143 ff.). Men segna tyder indirekte på at *Nor(v)egr* ikkje kjem av **Nór-vegr*.

²⁵ Steinsland overdriv likevel sambandet mellom Nor og Dovrefjell. Det står ikkje i tekstane at «'Nors vei' [...] ender opp i Dovrefjell der Nors erobring av landet stadfestes med navngiving», at «Nor [...] ender [...] på Dovrefjell», at systera Goe «I Dovrefjell har [...] giftet seg» eller at «Nor gjenfinner søsteren i Dovrefjell» (2015). Det står at Goe er vorten gift med Rolv, son til jotunen Svade på Dovre og at Nor kjem til Rolv, der dei to utkjempar ein tvikamp som endar med at Rolv blir vasall under Nor. Dette skjer på *Heiðmørk*, altså Hedmarken (aust for Mjosa), der er det Rolv bur. Når det står at far hans Rolv er *norðan ór Dofrum* 'nordanfrå Dovre', så plasserer det møtet ein annan stad enn på Dovre (*Orkneyinga saga* 1965: 5 f., *Flateyjarbok* 1860–68 I: 21 f.).

3.6 Oppsummering av pkt. 3

Vi har sett at den germanske stammen **nōra-* ‘samanklemd’ vanskeleg kan ha gjeve ein råkande karakteristikk av det opphavlege Noreg, at det er usikkert om det nokon gong allment har heitt (**)Nór(v)egr* med lang *ó*, at (**)Nór(v)egr*, dersom det heitte det, godt kan vera utvikla frå **Norðrvegr*, at formene *Norðweg* og *Northwegia* osb. frå gammalengelsk og frå fransk og dansk latin ikkje á priori har mindre kjeldeverdi enn dei nordiske, som ikkje har dental, og at kronologien i materialet er motsett av den vi skulle vente dersom dentalen i dei gammalengelske og latinske formene av namnet oppstod med folkeetymologisk omtolking av *nór* til himmelretninga nord. At namnet *Noregr* opphavleg var ei samansetjing med *nór* er då ei forklaring som både er unødvendig og usannsynleg. Spesielt sterkt mot denne teorien talar det at dersom det heng slik saman, så blir det uforklarleg at vi finn nemningane *norðrónn* ‘norsk’ (< ‘nordleg’) og *norðmenn* / *norðmanni* i kombinasjon med at dental i landsnamnet berre finst i (svært) tidlege kjelder.

4 Argument for **Norðrvegr*-etymologien

Eit viktig spørsmål er likevel kor sannsynleg alternativet til *nór*-teorien er, isolert sett, så det skal eg prøve å vurdere no. Som vi har sett, er **Norðrvegr* mogeleg som opphavsform anten det heitte (**)Nóregr* eller *Noregr* allment i vikingtida. Slik dei fleste meiner, gjev *Noregr*, oppfatta som ‘vegen mot nord’ (av **Norðrvegr*), dessutan svært god meining i lys av det samla materialet. Vi veit at germanarane kom frå sør til Noreg og at dei var sjøfarande folk frå svært tidleg (jf. Nydamskipet frå fyrstinga av 300-talet [Engelhardt 1865, Åkerlund 1963] og dei mange langskipstuftene oppetter kysten frå romartida og framover [Grimm og Stylegar 2005, Dell’Aitante 2013]), slik at den norrøne busetnaden spreidde seg nordover langs kysten og hadde nådd Lofoten i dei fyrste hundreåra etter Kristus (Magnus og Myhre 1976: 310 ff., Skre 2014), samtidig som fangst- og handelsferder endå lenger nord og aust truleg var viktige tidleg (slik Ottar frå Hålogaland beskriv på slutten av 800-talet, Bately 2007). Når skipsleia nordover Norskekysten i tillegg er ein eineståande sjøferdsleveg, skjerma som han er mot havet over det meste av ei strekning på ikring 2000 km, så gjev **Norðrvegr* svært god meining som namn på det eldste Noreg, sett frå utgangspunktet i sør. Dette stemmer òg med at folk frå dette landet vart kalla *norðmenn* og at adjektivet som var knytt til landet var *nor(ð)rónn* ‘nordleg’. Eg kan heller ikkje sjå viktige formelle vanskar med denne forklaringa.

At *Noregr* verkeleg kjem av **Norðrvegr*, blir sannsynleggjort av at dei eldste overleverte skriftformene har dental.

Eit tilleggsmoment (jf. Jackson og Podossinov 1997: 88) er at dersom *Noregr* ikkje kjem av **Norðrvegr*, så er det ein tom plass i systemet som *austrvegr*,

sudrvegr og *vestrvegr* representerer. Som vi har sett (fotnote 6), vart *sudrvegr* lite brukt, og *vestrvegr* er heimla berre to gonger; i staden sa ein *vestr um haf* og den slags. *Austrvegr* vart derimot mykje brukt om leia som går frå Kattegat gjennom Øresund og så forgreinar seg austover derifrå. Sentrum i dette systemet er Kattegat / Skagerak (retningsvalet ein gjer *der* avgjer kva *vegr* ein fer i). Nordover derifrå går innanskjersleia oppetter den norske vestkysten, som i særklasse er den av desse «vegane» som byd seg mest fram som «veg» frå naturen si side. Ut frå systemet med *austrvegr* osb. ville det vera naturleg å kalle denne leia for **norðrvegr*, og vi er jo mange som meiner at ho vart det og at dette nemnet utvikla seg til eit særnamn som så vart nedslite til *Noregr*. Dersom *Noregr* kjem av **Nór-vegr*, så inneber det at ein avstod frå å kalle leia nordover frå Kattegat / Skagerak for **norðrvegr*, både i Norden og i England (jf. *westwegas* osb. ovanfor). Det ville vera merkeleg. I så fall er **norðrvegr* ikkje brukt om nokon ferdslveg i det heile i norrøne eller gammalengelske tekstar. Vi har rett nok uttrykket *á norðrvega* ‘på nordvegar’ i *Helgakviða Hundingsbana I* (str. 4. *Eddukvæði II. Hetjukvæði* 2014: 247), men det er brukt i ein kosmisk samanheng,²⁶ ikkje om Noreg eller leia langs Norskekysten.

Det var ikkje tilfeldig at det gjekk 100 år (så vidt eg veit) frå Noreen (1911) til nokon på nytt argumenterte for *nór*-teorien. Grunnane til å avleie *Noregr* av **Norðrvegr* er både mange og sterke. Når det likevel ikkje har vorte full semje om å gjera det, så er det fordi dei fleste har oppfatta det som sikkert at namnet i vikingtida vart uttala med lang *ó*, *Nór(v)egr* (pga. skaldestrofene med innrim *Nóregr* – *stór-*, *fór-*), og fordi somme har rekna det som sikkert at den forma ikkje kunne oppstått av **Norðrvegr*. Slik eg har prøvd å vise i denne artikkelen, er ingen av delane sikre. Dermed fell eigentleg grunnlaget for teorien bort, for alt anna peikar i retning av at **Norðrvegr* er utgangspunktet.

Takk til Helge Sandøy, Arne Torp, Bergsveinn Birgisson og Sverre Stausland Johnsen for kommentarar til utkast til denne artikkelen.

Litteratur

- Andersson, Thorsten 2007: Rus' und Wikinger. *ANF* 122. 5–13.
 Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: *Íslensk orðsifjabók*. Reykjavík.
 Ashman Rowe, Elisabeth 2000: Origin Legends and Foundation Myths in Flateyjarbók. Geraldine Barnes & Margaret Clunies Ross (red.): *Old Norse Myths, Literature and Society. Proceedings of the 11th International Saga Conference 2-7 July 2000, University of Sydney*. Sydney. 441–54.

²⁶ Når helten Helge blir fødd, festar normene lagnadstrádar (ser det ut til at det er) i ulike himmelretningar, ein av dei *á norðrvega*.

- Bately, Janet 2007: Text and translation. Anton Englert & Janet Bately (red.): *Othere's Voyages. A late 9th-century account of voyages along the coasts of Norway and Denmark and its cultural context*. 45–50.
- Bjørvand, Harald & Tom Schmidt, 2015: En godt etablert navneteori. *Klassekampen* 24.12.2015. 40.
- Bosworth, Joseph & T. Northcote Toller 1898: *An Anglo-Saxon dictionary. Based on the manuscript collections of the late Joseph Bosworth*. Edited and enlarged by T. Northcote Toller. Oxford.
- Christensen, Vibeke & John Kousgård Sørensen 1972: *Stednavneforskning 1. Afgrænsning. Terminologi. Metode*. København.
- Clunies Ross, Margaret 2005: *A history of Old Norse poetry and poetics*. Cambridge.
- Dell'Aitante, Stefano 2013: *Kysten som arena for fremvisning av lokal makt i eldre jernalder. Naustuftfer og gravminner i landskapet i Hordaland og Rogaland*. Masteroppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Den tredje og fjerde grammatiske Afhandling i Snorres Edda tilligemed de grammatiske Afhandlingers Prolog og to andre Tillæg*, 1884. Utg. Björn M. Ólsen. København.
- Edda. Skáldskaparmál* 1998. 1–2. Utg. Anthony Faulkes. 1: Introduction, Text and Notes. 2: Glossary and Index of Names. London.
- Eddukvæði II. Hetjukvæði* 2014. Íslenzk fornrit 36. Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólasson gáfu út með inngangi og skýringum. Ritsljóri: Þórður Ingi Guðjónsson. Reykjavík.
- Engelhardt, Conrad 1865: *Nydam mosefund 1859–1863*. Udg. med understøttelse af det kongelige ministerium for hertugdømmet Slesvig. Kjøbenhavn.
- Falk, Hjalmar & Alf Torp 1910–11: *Norwegisch-dänisches etymologisches Wörterbuch*. Auf grund der Übersetzung von dr. H. Davidsen neue bearbeitete deutsche Ausgabe. Heidelberg.
- Finnur Jónsson 1912–15: *Den Norsk-islandske skjaldedigtning*. 1–4. A 1 og A 2: tekst etter håndskriftene, B 1 og B 2: restituert tekst. [Fotografisk nyprint 1967–73.] København.
- Finnur Jónsson 1913–16: *Lexicon poeticum*. Forfattet af Sveinbjörn Egilsson. Forøget og påny udgivet for Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab ved Finnur Jónsson. København.
- Fjeld, Bjørn 2012: *Pst... Har du hørt om jøssingen som... Vitser i Norge 1940–1945. Funksjon og kontekst*. Masteroppgave i kulturhistorie, Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg på https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/34481/20121028_Masteroppgave_BF_Endelig.pdf?sequence=2.
- Flatøyjarbok*, 1860–68. 1–3. Udgiven efter offentlig Foranstaltning [af Gudbrandr Vigfusson & C.R. Unger]. Christiania.
- Frank, Roberta 1970: Onomastic play in Kormakr's verse: The name Steingerðr. *Mediaeval Scandinavia* 3. 7–34.
- Fritzner, Johan 1883–96: *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. 1–3. [1. utg. Christiania 1867.] Kristiania.
- Grimm, Oliver & Frans-Arne Stylegar 2005: Boathouses in Northern Europe and the North Atlantic. *The International Journal of Nautical Archaeology* 34. 254–68.
- Hagland, Jan Ragnar 2016: *Norvegr og Noriki?* *NN* 32–2015. 119–22.
- Haralds saga ins hárfagra*, 1941. *Heimskringla I* av Snorri Sturluson. Íslenzk fornrit 26. Utg. Bjarni Aðalbjarnarson. Reykjavík. 94–149.
- Heggstad, Leiv m. fl. 2008: *Norrøn ordbok*. 5. utgåva av *Gamalnorsk ordbok* ved Hægstad og Torp, Kristiania 1909. Oslo.
- Heide, Eldar 2004: Uventa ikkje-patala *n* av *nd* i nordnorsk. Typen *gandr* > /ga:n/. *MM*. 56–69.

- Heide, Eldar 2010: Tjukk 1 – Retroflektert tydeleggjering av kort kvantitet. Om kvalitetskløyvinga av det gamle kvantitetssystemet. *MM*. 3–44.
- Hellquist, Elof 1948: *Svensk etymologisk ordbok*. 1–2. [Første utgåve 1922.] Lund.
- Historia Norvegie*, 2003. Utgåve Lars Boje Mortensen. Copenhagen.
- Holm, Gösta 1991: *De nordiska anger-nammen*. Det Norske videnskaps-akademi, II. Hist.-filos. klasse. Skrifter. Ny serie 18. Lund.
- Hægstad, Marius 1908: Nokre ord um namnet paa landet vaart. *Norvegia. Tidsskrift for det norske Folks Maal og Minder* 2. 1–7.
- Hægstad, Marius 1910: Upphavet til ordet ‘norsk’. *MM*. 51–52.
- Íslendingabók*, 1968. *Íslendingabók. Landnámabók*. Íslenzk fornrit 1. Utg. Jakob Benediktsson. Reykjavík. 1–28.
- Iversen, Ragnvald, 1913: *Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag*. Videnskapsselskapets skrifter. II. Hist.-filos. klasse, 1912: 4. Kristiania.
- Jackson, Tatjana N. 1998: On the Old Norse System of Spatial Orientation. *Saga-Book* 25:1. 72–82.
- Jackson, Tatjana N. & Alexandr V. Podossinov 1997: Norway in Old Norse Literature: Some Considerations on the Specific Character of Scandinavian Spatial Orientation. *Skandinavistik* 27:2. 85–97.
- Jakobsen, Alfred 1967: Norge. *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 12. 336–38.
- Johnsen, Arne Odd, 1968: Er Nortuagia den eldste fremmede navneform for Norge?. (*Norsk Historisk tidsskrift* 47. 219–21.
- Kormáks saga*, 1939. I *Vatnsdæla saga*. Íslenzk fornrit 8. Utg. Einar Ólafur Sveinsson. Reykjavík. 201–302.
- Korslund, Frode 2015: Norge betyr veien mot nord – og ingenting annet. *Klassekampen* 19.12.2015. 35.
- Krag, Claus 2003: The early unification of Norway. Knut Helle (red.): *The Cambridge history of Scandinavia 1. Prehistory to 1520*. Cambridge. 184–201.
- Krohn, Kaarle 1906: *Finnische Beiträge zur germanischen Mythologie*. [Særtrykk av: Finnisch-ugrische Forschungen, 1904 og 1905.] Helsingfors.
- Kruse, Arne 2016: Laithlind. *NN* 32– 2015. 49–85.
- Larsen, Amund B. 1905. Sjø NG 8.
- Larsen, Amund B. 1926: *Sognemålene*. Oslo.
- Larsen, Amund B. 1976 [1890–91]: Indberetning fra adjunkt Amund B. Larsen om reiser foretagne med offentlig stipendium i årene 1888–1890 for at studere bygdemålene i Kristiansands stift. Magne Myhren (red.): *Amund B. Larsen: Skrifter*. [Første gong prenta i Universitets- og Skole-Annaler. Ny række. 5^{te} aargang. 1890 og 6^{te} aargang 1891.] Oslo. 131–205.
- Larsen, Amund B. & Gerhard Stoltz 1912: *Bergens bymål*. Kristiania.
- Magnus, Bente & Bjørn Myhre 1976: *Forhistorien. Fra jegergrupper til høvdingsamfunn*. Norges historie 1. Oslo.
- Melberg, Håkon 1951: *Origin of the Scandinavian nations and languages. An introduction*. Scandinavian and Celtic series Book 1. 1–2. Halden.
- Mortensen, Lars Boje 2003: Preface. Introduction. Lars Boje Mortensen (red.): *Historia Norvegie*. Copenhagen. 6–47.
- Mundal, Else 2004: Edda- og skaldediktning. Odd Einar Haugen (red.): *Handbok i norrøn filologi*. LNUs skriftserie 157. Andre utgåve. Bergen. 215–66.
- Myhre, Reidar 1952: *Vokalismen i iddemålet*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 1. Oslo.

- Myrvoll, Klaus Johan 2011: Skaldedikt som kjelda til etymologi og ljosleg vokster av norske namn. Tom Schmidt & Ole-Jørgen Johannessen (red.): *Etymologiens plass i navneforskningen. Rapport fra NORNAs 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. Uppsala.
- Myrvoll, Klaus Johan 2014: *Kronologi i skaldekvæde. Distribusjon av metriske og språklege drag i høve til tradisjonell datering og attribuering*. Ph.D.-avhandling, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo.
- Myrvoll, Klaus Johan 2015: Ei uturvande lengjing av vokalen fyre burtfallen h etter r og l i nordisk. *ANF* 130. 5–32.
- Myrvoll, Klaus Johan 2016: Noreg. *Norsk stadnamleksikon*. Publisert i www.norskstadnamleksikon.no. 2 sider.
- NG = Oluf Rygh m.fl.: *Norske Gaardnavne* 1–18. Kristiania 1897–1924.
Bd. 8 *Nedenes Amt*, utg. 1905 ved Amund B. Larsen. Bd. 11 *Søndre Bergenhus Amt*, utg. 1910 ved Magnus Olsen. Bd. 14 *Søndre Trondhjems Amt*, utg. 1901 ved Karl Rygh. Bd. 17 *Tromsø Amt*, utg. 1911 ved Karl Rygh. Bd. 13 *Romsdals Amt*, utg. 1908 ved Karl Rygh.
- Noreen, Adolf 1897: *Svenska etymologier*. Skrifter utgifna af Kungl. humanistiska vetenskapssamfundet i Uppsala 3.
- Noreen, Adolf 1911: *Spridda studier. Andra samlingen populära uppsatser*. Andra upplagan. Stockholm.
- Noreen, Adolf 1923: *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des urnordischen*. Altnordische Grammatik I. Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte. A, Hauptreihe 4. 1. Vierte vollständig umgearbeitete Auflage. Halle.
- NSL = Jørn Sandnes & Ola Stemschaug: *Norsk stadnamleksikon*. 4. utg. Oslo 1997.
- Olsen, Magnus 1910. Sjå NG 11.
- Olssen, Olaf 1958: *Brønnøymålet. Lydverket*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 13. Oslo.
- Orkneyinga saga*, 1965. Íslenzk fornrit 34. Utg. Finnbogi Guðmundsson. Reykjavík.
- Pokorny, Julius 1959: *Indogermanisches etymologisches Wörterbuch*. 1–2. Bern.
- Rikshheim, Vilhjelm 1921: *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn)*. Kristiania.
- Rosenvinge, Morten 2016: Sår tvil om Norges opphav. *Teft. Forskningsmagasinet*. 23. februar 2016. Intervju med Michael Schulte.
- Rygh Karl 1901, 1908, 1911. Sjå NG.
- Saga Óláfs Tryggvasonar af Oddr Snorrason munk*, 1932. Udg. af Finnur Jónsson. København.
- Sandnes, Jørn 1997. Sjå NSL.
- Sandøy, Helge 1997: *Norvegr eller Noríki?* Arnold Dalen (red.): *Gransking av norsk mål i hundre år etter Ivar Aasen. Rapport frå faghistorisk seminar i Trondheim 3. og 4. oktober 1996*. Det kongelige norske videnskabers selskab. Skrifter 3–1997. Trondheim. 91–104.
- Schalín, Johan 2016: Östskandinavisisk utveckling av den urnordiska ai-diftongen och palatalt r i ljuset av finska ljudsubstitutioner. Daniel Andersson m. fl. (red.): *Studier i svensk språkhistoria* 13. Nordsvenska 25. Kungl Skytteanska Samfundets Handlingar 76. Umeå. 241–62.
- Schulte, Michael 2015: Hvor kom navnet Norge fra?. *Klassekampen* 17.12.2015. 22–23.
- Schulte, Michael 2016: Norge, en oppsummering. *Klassekampen* 05.01.2016. 22.
- Schulte, Michael m. fl. 2016: Norge og Noreg – etymologi. *Store norske leksikon*.
https://webcache.googleusercontent.com/search?q=cache:aOqXaouTo6QJ:https://snl.no/Norge_og_Noreg%25252Fetymologi+&cd=5&hl=no&ct=clnk&gl=no&client=firefox-b. (Lest 4.4.2016.)
- Seip, Didrik Arup 1923: *Norge. Om navnet på vårt land fra de eldste tider*. Kristiania.

- Skarðsárabók. Landnámabók Björns Jónssonar á Skarðsá, 1958. Utg. Jakob Benediktsson. Reykjavík.
- Skre, Dagfinn 2014: Norðvegur – Norway: From Sailing Route to Kingdom. *European Review* 22. 34–44.
- Sleumer, Albert & Joseph Schmid 2011: *Kirchenlateinisches Wörterbuch*. Hildesheim, Zürich, New York.
- Steinsland, Gro 2014: *Dovrefjell i tusen år. Mytene, historien og diktningen* Bergen.
- Steinsland, Gro 2015: Den norske opphavsmysten. *Klassekampen* 19.12.2015. 35.
- Stemshaug, Ola 1978: *Språkleg tradisjon. Ei handbok for innsamling av språkleg tradisjonsstoff*. Oslo.
- Stemshaug, Ola 1997. Sjå NSL.
- Sturlunga saga efter Membranen Króksfjarðarbók udfyldt efter Reykjarfjarðarbók*, 1906–11. 1–2. Udg. af Kristian Kålund. København / Kristiania.
- Trønnes, Niels H[alvorsen] 1847: Udledning af nogle Norske Sted- og Folkenavne. *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* 1. 65–84.
- de Vries, Jan 1962: *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. Zweite verbesserte Auflage. [Første utgåve 1961.] Leiden.
- Vågslid, Eivind 1988: *Norderlendske fyrenamn. Namnebok*. Eidsvoll.
- Wessén, Elias 1969: Nordiska folkstammar och folknamn. En översikt. *Fornvännen* 64/1. 14–36.
- Wetås, Åse 2008: *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativistisk materiale*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Oslo.
- Åkerlund, Harald 1963: *Nydamskeppen. En studie i tidig skandinavisk skeppsbygnadskonst*. Göteborg.